

Folksamt på Sommarfest med god stemning.



Koret song flott ved starten av festen!

I ettermiddag arrangerte Uskedal oppvekstsenter den årvisse Sommarfesten. Denne samlinga på slutten av skuleåret er blitt svært populær. Den har derfor etterkvart ein lang tradisjon. Etter det vi har brakt på det reine, vart første Sommarfesten arrangert i 2002. Hvis dette stemmer, og den har vorte arrangert kvart år, vil det sei at festen i år vart avvikla for 12. gang. Før 2002 hadde skulen ulike opplegg som avslutning på skuleåret.



5.klasseelevane styrte pilkaststasjonen.

Starten i ettermiddag var litt spennande. Det var tett mellom regndropane, og dermed litt surt ute der dei fleste aktivitetane føregjekk. Heldigvis letta veret ganske så snart, og det fekk ikkje sett nokon dempar på festen! Det vart ein flott start, då den vart markert ved at skulekoret song tre fine songar. Dei var plassert i inngangen til aktivitetshuset. Dei song godt, og glede publikum som stod utanfor. Koret er samansett av elevar frå 4. - 6. klasse, og dei vart dirigert av Rannveig F. Helleland. Eit flott tiltak for flinke elevar.



Celine brukte berre eitt spark på å få ned alle flaskene i fotballbowling. Imponerande!

Etter dette var det stor aktivitet rundt om på dei ulike stasjonane. Kvar klasse hadde ein eller fleire aktivitetar som dei administrerte. Og det var mykje kjekt å velja i: lykkehjul, spikerslag, kasta ball på boks, pilkast var berre nokre få av tilboda. Iveren og engasjementet var stor over alt. Dette var tydelegvis gøy for både deltakarane og dei som styrte stasjonane.



Ann Helen Rød har god dreis på hammaren!

Svært populær var og filmframsyngning som barnehagen hadde stilt i stand på biblioteket.



Popcorn er alltid populært!

Noko for magen var sjølvstakt viktig! Kaker og kaffi var det i rikeleg monn, og frå skulekjøkkenet vart det servert pølse med brød og saft. Då Sommarfesten gjekk mot slutten for underteikna, var det rektor May-Liss Kaldestad og lærar Hilde Bringedal som styrte dette kjøkkenet. Som alle andre var dei strålande fornøgde. - Det har vore kjempekjekt med god stemning og mykje folk. Dette er ein kjekk tradisjon, var dei to enige om. Dei kunne og fortelja at overskotet denne dagen går til dei ulike klassane sine klassekassar. Etter to timar var denne Sommarfesten over. Eg er sikker på at det vert ny fest neste år!



Veslemøy Haugland imponerte med 49 av 50 poeng på luftgeværskytinga! Kanskje vert det skiskyting med tida for langrennstalentet?

Av: Thor Inge Døssland.